

Arkivsak: 2023/308-8

Arkiv: A22

Saksbehandlar: Pål Bertil Eide

Dato: 27.03.2026

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2026/31	07.04.2026	Kommunestyret

Revidering av Forskrift til skulefritidsordning Lom kommune - knytt til endring av ferie-SFO – endringar vert sendt på høyring.

Vedlegg

- 1 Gjeldande forskrift om skulefritidsordning i grunnskulen, Lom kommune

Innstilling frå kommunedirektøren

1. Kommunedirektøren foreslår følgande endringar(merkt i raudt)i forskrift om skulefritidsordning i grunnskulen for Lom kommune - gjeldande frå 01.08.2026 og sender forslaga på høyring fram til 19.05.2026 og til endeleg handsaming i formannskap og kommunestyre den 28.05.2026 og 02.06.2026:

§2. Opningstider

I tillegg til ordinære skuledagar held SFO ope på planleggingsdagar. I haustferien, vinterferien, ei veke i juni etter skuleslutt og frå og med veke 32 i samsvar med opningstid i barnehage kan det etter bindande påmelding og egne betalingssetsar bli organisert ferie-SFO. Dette krev eit minimum per veke på 6 elevar, og ein må betale for heile veker. SFO er stengt i jule- og påskeferiar.

Opningstida er 0700–1630. Ferie-SFO vil ha opningstid mellom 0800-1530

Kommunen har ulike SFO tilbod:

1.–3. klasse	
Gratis kjernetid (07.45–15.10)	0,-
Gratis kjernetid + morgon (07.00–15.10)	Sats gjeve i gebyrregulativ
Gratis kjernetid + ettermiddag (07.45–16.30)	Sats gjeve i gebyrregulativ
Gratis kjernetid + morgon og ettermiddag (07.00–16.30)	Sats gjeve i gebyrregulativ
Ferie-SFO inkl. 12 timar gratis kjernetid (krev minimum 6 påmeldte elevar kvar veke og gjeld heile veka) (08.00-15.30)	Sats gjeve i gebyrregulativ
4. klasse	
Morgonmodell (07.00–08.30)	Sats gjeve i gebyrregulativ
Ettermiddagsmodell 1 slutt 1510	Sats gjeve i gebyrregulativ
Ettermiddagsmodell 2 slutt 1630	Sats gjeve i gebyrregulativ
Full modell (morgon + ettermiddag)	Sats gjeve i gebyrregulativ
Ferie-SFO (krev minimum 6 påmeldte elevar kvar veke og gjeld heile veka) (08.00-15.30)	Sats gjeve i gebyrregulativ

SFO kan i tillegg ta inn barn for enkelttimar/-dagar. SFO har ein planleggingsdag i året.

§ 3.Betaling

Kommunestyret fastset betalingsattsane i samband med budsjetthandsaminga kvart år. Foreldrebetalinga blir innkravd kvar månad i samsvar med den tid eleven er påmeldt. Betaling blir kravd for **10** månader. Manglande foreldrebetaling i 2 månader vil kunne føre til at eleven mister plassen.

Frå 1. august 2024 er det fritak for foreldrebetaling for 12 timar SFO per veke for elevar i 1., 2. og 3. trinn.

§ 9.Iverksetting og opphør:

Denne forskrifta trer i kraft **01.08.2026**.

2. Sats gjeldande frå 01.08.2026 blir sett til:

1 – 3 klasse	
Ferie-SFO inkl. 12 timar gratis kjernetid (krev minimum 6 påmeldte elevar kvar veke og gjeld heile veka) (08.00-15.30)	1224,-
4 klasse	
Ferie-SFO (krev minimum 6 påmeldte elevar kvar veke og gjeld heile veka) (08.00-15.30)	1800,-

Saksutgreiing

Med bakgrunn i kommunen sitt omstillingsarbeid og kommunestyrevedtak PS 2025/89 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029 om innsparing i rammeområde 2 med 136 000 kroner ser kommunedirektøren på endringar i vedtektene til SFO knytt til ferie-SFO for å møte dette. Kommunedirektøren vurderer det slik at ein kan velje mellom to alternativ. Anten nedlegging for å få full innsparing av den grunn at SFO i feriane ikkje er lovpålagt, eller ei endring i tilbudet til å i større grad at dei som bruker tilbudet dekkjer noko av utgiftene slik ein ser at andre kommunar i regionen organiserer seg per i dag.

Alternativ A: Tilbudet om ferie-SFO i vinterferie, siste veka i juni, to veker før skulestart(same oppstart som barnehagane) og haustferie vert avvikla. Dette vil gje ei full innsparing på 136 000 kroner i lønsutgifter. Ein reverserer samtidig auka foreldrebetaling frå 10,5 månader til 10 månader som vart endra i samband med innføring av SFO tilbod i nokre av ferievekene. Dette vil gje ei redusert inntekt på om lag 10500,- etter dagens innbetalingar.

Alternativ B: Ein set eigne satsar per veke for dei som ynskjer ferie SFO med påmelding og ein set eit minste antall påmeldte deltakarar per veke. Til dømes slik som dei gjer i Vågå med 1797 kr per veke om minium 6 elevar er påmeldt. Ei slik ordning ville gje ei innsparing på minimum 36 000 om ein reknar at alle elevane har 12 timar gratis kjernetid(går i 1. - 3. klasse og med utrekna sats på 1180 kr per veke)) og at ein kun kan melde seg på til full veke(ikkje enkeltdagar). Det er og rekna inn at ein har kutta opningstida i feriane frå 0700-1630 til 0800-1530. Dette for å gjere bemanningskabalene lettare. I ei slik beskrive ferie SFO-ordning er det vekespris og minimum antal elevar som bestemmer innteninga og kor mykje som vert dekkja av kommunen. Eksempelet over vil gje ei restutgift for kommunen på om lag 100 000 kroner, som kan verke lite, men dette vil auke suksessivt med fleire elevar enn 6. I tillegg kan ein sjå for seg at nokon veker ikkje vil gje elevtal over 6, som vil gje ei innsparing i lønsutgifter.

Vurdering

Ferie-SFO tilbodet slik det er organisert i dag vart oppretta etter endring i vedtektene ved kommunestyrevedtak PS 2023/40 og ei korrigeringsvedtak PS 2024/34. Med endringane om gratis kjernetid for 1. – 3. trinn har dette medført ein reduksjon i inntektene i og med at dei fleste elevane på dei trinna klarar seg med gratis kjernetid på 12 timar og at vi har få elevar frå 4. trinn som brukar SFO tilbodet. Sjølv SFO tilbodet i dei ordinære 38 skulevekene er lovpålagt og kan ikkje endrast, men ferie-SFO er ikkje det. Ein vurderer det difor slik at ein må redusere på ferie-SFO tilbodet som ein del av innsparinga i omstillingsarbeidet.

Dei fleste andre kommunane i regionen gjev tilbod om ei eller anna form for ferie-SFO slik tabellen viser. Sjå hovudtrekka i organiseringa i tabellen under.

Kommune	Pris per veke ferie SFO	Pris per veke elevar med gratis kjernetid	Minimum antal elevar	Antal veker
Skjåk	2700 per måned (vanleg betaling)	Ikkje spesifisert, men fråtrekk på 12 timar for 1. – 3. trinn.	5	4(ikkje haustferie og vinterferie)
Vågå	1792	Ikkje spesifisert, men fråtrekk på 12 timar for 1. – 3.	6	Ikkje spesifisert, men haust og vinterferie skal sjåast i samanheng med

		trinn. (suksessivt vil dette gje to gratis dagar)		det ordinære tilbodet ved kjøp av enkeltdagar
Sel	2049	Ikkje spesifisert, men fråtrekk på 12 timar for 1. – 3. trinn?	5*	En periode rett etter skoleslutt i juni og før skolestart i august (kommer an på skoleruta)
Dovre	Ikkje tilbod om ferie-SFO(avvikla som innsparingstiltak i 2024)			
Lesja	Ikkje tilbod om ferie SFO			

*forslag om auke til 8 i sak som ligg til politisk handsaming.

Ferie-SFO i Lom var i starten nytta i liten grad med heilt ned i 1 elev per dag. Siste året har ein hatt noko aukande omsøking. Tabellen nedanfor viser likevel at det er varierende ut i frå kva ferieveke det gjeld og kva dagar i veka. Det kan tyde på at det er fleire foreldre som ynskjer ferie-SFO til borna sine siste veka i juni og siste veka før skulestart.

Antall barn på ferie-SFO frå og med juni 2025

Veke nr.	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
26	7	9	7	9	9
32	5	5	5	6	6
33	6	7	9	8	8
41 (Haustferie)	3	7	5	2	3
9(Vinterferie 2026)	3	5	3	0	0

Vurdering av dei ulike alternativa:

Alternativ A: Dette alternativet vil gje den største innsparinga, men vil redusere tilbodet og fleksibiliteten til brukarane. Som ein ser av erfaringstala så er det eit aukande antal som nyttar seg av tilbodet, spesielt siste veka før sommarferien og dei to vekene før skulestart. Ei avvikling av tilbodet vil gje nokre familiar større utfordringar knytt til arbeid og ferieavvikling og må til dømes kanskje dele ferien sin for å kunne passe på barna. Størst utfordringar vil det sjølvstapt bli for dei som ikkje har eit nettverk av foreldre, besteforeldre eller andre som kan passe borna deira.

Alternativ B: Dette alternativet vil ikkje kunne gje den totale innsparinga som ønska. Ein må opp i minimum 23 elevar per veke for å kunne gå i balanse om ein nyttar satsar som i eksempelet frå Vågå. Samstundes vil det om ein legg søkinga tidleg og legg eit minimum antal elevar, kunne redusere dei minst «attraktive» vekene. Utgiftene vil på den måten gå ned samstundes som ferie-SFO satsen vil dekkje noko av dei resterande lønsutgiftene. Konsekvensen for brukarane vil bli noko mindre, men vil fortsatt være der for dei som da ikkje vil få eit tilbod i dei vekene det ikkje er nok elevar. Samstundes vil det kunne være nokon som ikkje ser seg råd til å kunne ha barna i SFO i feriane.

Konklusjon

Kommunedirektøren meiner at alternativ B vil være det beste alternativet, og at kommunen legg seg på om lag same sats som dei andre kommunane i regionen og same minimumsantal elevar for gjennomføring. Dette vil gje ein reduksjon i den økonomiske belastinga til kommunen, samstundes som tilbodet vil vere oppretthaldt ved større behov. Innsparinga kan bli større enn beskrive ved færre en 6 elevar omsøkt i til dømes vinterferie og haustferie da lønsutgiftene vil bli mindre. Endringane i forskrifta vert sendt på ei høyringsrunde før endeleg vedtak i kommunestyret.



NORSK LOVTIDEND

Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 12. november 2024 kl. 13.35

PDF-versjon 12. november 2024

04.06.2024 nr. 2723

Forskrift om skulefritidsordning i grunnskulen, Lom kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Lom kommunestyre 4. juni 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

Målsetting

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og tilsynstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn i 1.–4. klasse og for barn med særskilte behov i 1.–7. klasse. Innhaldet og verksemda skal vere prega av barna sitt behov for leik, tilsyn, kultur- og fritidsaktivitetar og sosial læring.

§ 1. Tilbod

Loar skule har tilbod om skulefritidsordning (SFO). Tilbodet er for barn i 1.–4. klasse og for barn med særskilte behov i 1.–7. klasse. Barn med særskilte behov har fortrinnsrett ved mangel på plassar.

§ 2. Opningstider

I tillegg til ordinære skuledagar, held SFO ope på planleggingsdagar, i haustferien, vinterferien, ut juni etter skuleslutt og frå og med veke 32 i samsvar med opningstid i barnehage. SFO er stengt i jule- og påskeferiar.

Opningstida er 0700–1630.

Kommunen har ulike SFO tilbod:

1.–3. klasse	
Gratis kjernetid (07.45–15.10)	0,-
Gratis kjernetid + morgon (07.00–15.10)	Sats gjeve i gebyrregulativ
Gratis kjernetid + ettermiddag (07.45–16.30)	Sats gjeve i gebyrregulativ
Gratis kjernetid + morgon og ettermiddag (07.00–16.30)	Sats gjeve i gebyrregulativ

4. klasse	
Morgonmodell (07.00–08.30)	Sats gjeve i gebyrregulativ

Ettermiddagsmodell 1 slutt 1510	Sats gjeve i gebyrregulativ
Ettermiddagsmodell 2 slutt 1630	Sats gjeve i gebyrregulativ
Full modell (morgon + ettermiddag)	Sats gjeve i gebyrregulativ

SFO kan i tillegg ta inn barn for enkelttimar/-dagar. SFO har ein planleggingsdag i året.

§ 3. Betaling

Kommunestyret fastset betalingsatsane i samband med budsjetthandsaminga kvart år. Foreldrebetalinga blir innkravd kvar månad i samsvar med den tid eleven er påmeldt. Betaling blir kravd for 10,5 månader. Manglande foreldrebetaling i 2 månader vil kunne føre til at eleven mister plassen.

Frå 1. august 2024 er det fritak for foreldrebetaling for 12 timar SFO per veke for elevar i 1., 2. og 3. trinn.

§ 4. Ansvar

Lom kommune er eigar. Rektor Loar skule har leiaransvar og opptaksmynde. Assistent med dagleg ansvar skal så langt som råd vere barne- og ungdomsarbeidar.

§ 5. Bemanning

Rettleiande delingstal for bemanning er 14. I tillegg kan det vere behov for ekstrahjelp til barn med spesielle behov. Dette må vurderast for kvar enkelt tilfelle, ut frå barnet sitt behov og økonomiske rammer.

§ 6. Leike- og opphaldsareal

SFO ved Loar skule held til i den delen av skulebygningane som heiter «Tripp», samt at dei har tilgang på heile utearealet til Loar skule. Etter avtale med rektor kan dei ved behov og nytte andre skuleareal.

§ 7. Inntak

Hovudinntaket av barn skjer i vårhalvåret. Inntak elles i skuleåret kan skje i den grad dei økonomiske rammene tillet det.

§ 8. Endring og oppseiing

Fram til 1. mai er det høve til å seie opp SFO-plassen. Oppseiingstida er to månader, rekna frå fyrste heile månad.

Ved endringar i opphaldstidene skal foreldra få minst ein månads varsel. Endring i opphaldstid skal skje skriftleg.

§ 9. Iverksetting og opphør:

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024.